



NÅR FORELDRE IKKJE BUR SAMAN – REGELVERK OG RUTINAR

Når barnehagen vert kjent med at foreldra til eit barn ikkje bur saman, skal skjemaet «Foreldre som ikkje bur saman» fyllast ut. Den forelderen som har dagleg ansvar for barnet skal skrive under på opplysningane, den andre forelderen bør skrive under.

Rammeplanen slår fast at barnehagen skal legge til rette for god dialog og godt samarbeid med foreldra. På individnivå skal barnehagen legge til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Men denne regelen skal ikkje forståast slik at den enkelte forelder kan detaljstyre barnehagen.

Også barnehagelova understrekar at alt arbeid med barn skal skje i nær forståing og samarbeid med barnet sin heim. Dette gjeld ikkje minst etter samlivsbrot. Dersom foreldre ikkje klarer å samarbeide for barnets beste, vert barnehagen særleg viktig for barnet. For å fylle denne rolla er det avgjerande at barnehagen har gode rutinar. Det er viktig at dei tilsette følgjer med og ser etter teikn som kan tyde på at barnet har det vanskeleg. Eit samlivsbrot kan påverke barnet si tilknytning til foreldra og føre til usikkerheit hos barnet dersom foreldra vert utydelege på avtalar og samarbeidsløysingar. Difor er det viktig at barnet vert teke ekstra godt hand om i barnehagen når det er vanskar mellom foreldra. Barnet har ei stort behov for å bli sett av dei tilsette, få ekstra omsorg og trøst, og få bekrefte sine kjensler. Dette gjer barnet tryggare.

Når foreldre ikkje bur saman er det viktig at barnehagen har ei klar forståing av nokre vesentlege omgrep og den rettslege statusen som knytter til desse. Dei viktigaste er:

- **FORELDREANSVAR:** Barnelova § 30 slår fast at den som har foreldreansvar har rett og plikt til å ta avgjerder på vegne av barnet i personlege tilhøve av ulik art. Dette kan til dømes gjelde oppseding av barnet, kvar barnet skal bu, økonomiske spørsmål, val av barnehage, medisinsk behandling etc. Hovudregelen er at dersom eit foreldrepar flyttar frå kvarandre vil begge framleis ha foreldreansvar etter samlivsbrotet. Dette inneber at dei i fellesskap må ta avgjersler som er knytt til foreldreansvaret. Foreldre som hevdar at dei har det juridiske foreldreansvaret åleine, må kunne dokumentere dette overfor barnehagen (t.d. kopi av avtale mellom foreldra, rettskraftig dom eller dokumentasjon frå folkeregisteret). Reglane gjeld både for gifte og sambuarar.
- **FAST BUSTAD (DAGLEG OMSORG):** Sjølv om det juridiske foreldreansvaret vanlegvis er delt mellom foreldra også etter eit samlivsbrot, medfører dette likevel *ikkje* at alle avgjersler knytt til barnet må takast i fellesskap. Barnelova har ein eigen paragraf (§ 37) som slår fast at dersom barnet har fast bustad hos den eine forelderen, så har denne åleine rett til bestemme det som *«gjeld vesentlege sider av omsorga for barnet»*. Som døme på dette nemner lova m.a. spørsmålet om barnet skal vere i barnehage, kvar i landet barnet skal bu og andre større avgjerder i dagleglivet. Utgangspunktet er såleis at barnehagen skal forholde seg til den av foreldra som bur fast saman med barnet når det gjeld informasjon om for eksempel aktivitetar, planleggingsdagar, påkledning m.m.

- DELT BUSTAD: Dette vil seie at barnet bur like mykje hos begge foreldra, til dømes annankvar veke hos mor og far. Ettersom barnet bur like mykje hos kvar av dei, har begge foreldra lik rett til å ta avgjersler om «vesentlege sider av omsorga for barnet», og dei har lik rett til informasjon frå barnehagen. Delt bustad krev tett samarbeid mellom foreldra og mellom foreldre/barnehage i ei rekkje spørsmål.
- SAMVÆRSRETT: Den forelderen som ikkje har dagleg omsorg for barnet, har som regel samværsrett. Og den forelderen som er saman med barnet, uavhengig av kor vidt vedkomande har juridisk foreldreansvar eller ikkje, kan ta avgjersler som følgjer av det å vere saman med barnet. Som døme på dette nemner lovverket mat og påkledning, leggetider, vurdering av om barnet er for sjukt til å gå i barnehagen, om barnet skal hentast tidlegare o.s.v. I nokre tilfelle kan det føreligge rettsavgjersler eller avtalar som innskrenkar kva foreldra sjølv kan bestemme. Den av foreldra som hevdar at den andre har mindre rettar enn det som følgjer av lova, må dokumentere dette overfor barnehagen. Eit døme kan vere at mor har eit dårleg forhold til fars nye sambuar, og gir barnehagen klar beskjed om at det berre er far som skal hente barnet dei dagane han har samvær med det. Men dersom det ikkje ligg føre nokon avtale eller rettskraftig dom som innskrenkar faren sine rettar, så kan likevel faren bestemme at den nye sambuaren kan hente i barnehagen i staden for han.

Den som har samværsrett kan ikkje utøve samvær med sitt barn i barnehagen dersom dette skjer utanfor avtalt samværstid, med mindre den andre forelderen gir samtykke og det er avtalt med barnehagen.

RETT TIL OPPLYSNINGAR OM BARNET

Foreldre med felles foreldreansvar har lik rett til opplysningar om barnet. Denne retten gjeld også for den av foreldra som ikkje bur saman med barnet. Innsynsretten gjeld i utgangspunktet alle typar opplysningar som barnehagen måtte ha om barnet. Foreldra har også lik rett til å møte på foreldremøte, foreldresamtalar m.m. Men i utgangspunktet er det tilstrekkeleg at barnehagen sender informasjon til den av foreldra som barnet bur fast saman med. Den forelderen som har den daglege omsorga for barnet pliktar så å halde den andre forelderen informert. Likevel kan den forelderen som ikkje bur fast saman med barnet krevje informasjon direkte frå barnehagen. Dette skal skje etter førespunad frå vedkomande.

FORELDRE UTAN FORMELT FORELDREANSVAR

Også desse foreldra har rett til opplysningar om barnet (med visse avgrensingar). Foreldre utan formelt foreldreansvar har likevel ikkje den same retten til å delta på foreldremøte og foreldresamtalar, med mindre den som har foreldreansvaret samtykker og at barnehagen ikkje har fastsette reglar som hindrar dette.

FORHOLDET TIL NY SAMBUAR/EKTEFELLE

Dei nye sambuarane/ektefellane til foreldra har ikkje noko formell foreldrerolle eller foreldreansvar overfor barnet. Som følgje av dette har vedkomande heller ikkje nokon automatisk rett til informasjon om barnet. Dette gjeld sjølv om den nye sambuaren/ektefellen bur saman med barnet og er ein viktig omsorgsperson. For at barnehagen skal kunne gi teiepliktig informasjon til vedkomande, er det i

utgangspunktet tilstrekkeleg at den av foreldra *som bur fast saman med barnet* samtykker i dette. I spørsmål som gjeld større avgjersler om barnet sitt liv har departementet gitt uttrykk for at barnehagen må utvise eit visst skjønn.

Det generelle utgangspunktet er at den nye partnaren ikkje skal fortrenge den andre forelderen som har del i foreldreansvaret. Departementet understrekar at lovverket ikkje gir heilt klare svar på alle spørsmål eller konfliktsituasjonar som kan oppstå i denne samanheng.

FORELDRESAMTALAR

Foreldresamtalar er i første rekkje eit tilbod til foreldre som har det juridiske foreldreansvaret. Foreldre med delt foreldreansvar har begge rett til å møte til foreldresamtalen. Foreldre som ikkje bur saman kan *ikkje* krevje at det vert halde separate foreldresamtalar for kvar enkelt av dei. Hovudregelen er at barnehagen bør gi begge foreldra same informasjon om barnet til same tid. Men dersom konfliktnivået mellom foreldra er høgt, står barnehagen sjølvstøtt fritt til å kunne gi tilbod om separate samtalar.

Må begge foreldra samtykke i at ny sambuar/ektefelle får delta i foreldresamtalar? Barne- og familiedepartementet har konkludert med at det i utgangspunktet er tilstrekkeleg at den av foreldra *som bur fast saman med barnet*, samtykker i at ny sambuar/ektefelle får delta i foreldresamtalen.